



Svein Ragnar Myklebust med tangentinstrument i rockegruppa Klosters

Svein Ragnar Myklebust hadde ein sentral rolle under rockemønstringa Rock 15 i helga. Myklebust er til vanleg musikalsk leiar på Rogaland Teater i Stavanger. På Husnes kompa han Matti Røssland, Erlend Bratland og rockegruppa Klosters.

NRK tilsett og konfransier i helga, Halvor Folgerø, har gått i klasse med Svein Ragnar på Stord. I sin omtale sa Folgerø: Her skal de få møte to meter Leirvik med hytte og ferieplass i Uskedalen.

Svein Ragnar Myklebust er ein allsidig artist med ansvar for mange og store musikalske prosjekt,- som kapellmeister i musikalar til fast kompar for mange kjende artistar. Han har mellom anna vore med Hanne Krogh på mange turnear.

Tekst/foto: Kristian Bringedal
Nett: Thor Inge Døssland